



Arkivnr: 2015/3089-2
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		01.09.2015

Klage på avslag av 26. januar 2015 om utvida bruk av eksisterande avkøyrslle/dispensasjon frå byggegrense på Fv. 561 Ågotnes Gnr. 27 Bnr. 33 i Fjell kommune

Samandrag

Statens vegvesen Region vest fatta den 26.01.15 avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslle og dispensasjon frå byggegrense på eigedomen Gnr. 27 bnr. 33 på Fv. 561, Ågotnes i Fjell kommune. Søknaden gjeld tilkomst for ein ny boeining på eigedomen. Tiltakshavar, Petter Olsen, ønskjer å endre bruk av 2. etasje i garasjen frå treningsrom til leiligheit med tanke på utleie. Tiltakshavar har klaga på vedtaket i skriv av 02.02.15. Eigedomen er uregulert og er i gjeldande kommuneplan for Fjell vist som boligområde utan plankrav.

Utvida bruk av eksisterande avkøyrslle frå Fv. 561 til ny boeining på eigedomen, Skjergardsvegen 1263 på Ågotnes, forutset tilkomst via ein eksisterande gang- og sykkelveg.

Statens vegvesen Region vest har vurdert klaga som underinstans og har funne å oppretthalde sitt avslag i saka.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og rår til at klagen frå Petter Olsen over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 26.01.2015 om å avslå søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslle frå Fv. 561 til eigedomen Gnr. 27 Bnr. 33 i Fjell kommune, ikkje vert teken til følgje

Forslag til vedtak

Klage frå Petter Olsen over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 26.01.2015 om å avslå søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslle frå Fv. 561 til eigedomen Gnr. 27 Bnr. 33 Ågotnes i Fjell kommune, vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Tiltakshavar, Petter Olsen, søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslle og dispensasjon frå byggegrense, samt bruksendring, av 26.11.2014.
2. Statens vegvesen Region vest, avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslle og dispensasjon frå byggegrense, av 26.01.2014.
3. Tiltakshavar, klage på avslag, motteke den 02.02.2015.
4. Statens vegvesen Region vest, orientering til tiltakshavar med spørsmål om klagen vert opprettheldt eller om alternativt forslag ynska behandla, 18.02.2015.
5. Tiltakshavar, tilbakemelding på at klage av 02.02.15 vert opprettheldt.
6. Statens vegvesen Region vest, orientering til tiltakshavar om vidare sakshandsaming i klagesak, 05.03.2015.
7. Statens vegvesen Region vest, oversendelsesskriv – opprettheldt avslag, 10.04.2015.
8. Hordaland fylkeskommune, 3 stk. bilete av omsøkte avkøyrslle.

Fylkesrådmannen, 11.08.2015

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen Region vest har den 26.11.2014 motteke søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslle frå Fv. 561 for tilkomst til ein ny boeining på Gnr. 27 Bnr. 33 Ågotnes, i Fjell kommune. (Vedlegg 1) Egedomen er ikkje regulert og er i gjeldande kommuneplan for Fjell kommune, vist som boligområde utan plankrav.

Det vart og søkt om dispensasjon frå byggegrense langs fylkesvegen. Bakgrunnen for søknaden gjaldt søknad om å endre bruk av 2. etasje i garasjen på egedomen frå treningsrom til leilighet, med tanke på utleige, det vil seie til boligformål. Garasjen er plassert 29 meter frå vegmidte til fylkesveg.

Saka gjeld utvida bruk av eksisterande avkøyrslle. Det er ikkje søkt om bygningsmessige endringar utvendig. Avkjørselen er langs Fv. 561. Skjergardsvegen, kor det går ein gang- og sykkelveg. For å komme frå avkjørselen og ut i fylkesvegen, må ein køyre i gang- og sykkelvegen ca 60 meter, for å komme ut i fylkesvegen.

Fv. 561 Skjærgardsvegen, er i «Rammeplan for avkøyrslle og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest» vist som haldningsklasse 2 (gul), dette er den nest strengaste haldningsklassen. Det går fram at byggegrense for denne haldningsklassen er satt til 50 meter. Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslle i denne haldningsklassen bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkøyrslle blir nytta av fleire. I Rammeplan pkt. 12.1 er det angitt prinsipp som skal leggest til grunn ved handsaming av søknader om avkøyrslle. Her går det mellom anna fram at: «*Bruk av gang- og sykkelveg til køyring til nyetableringar skal ikkje finne stad*».

Statens vegvesen Region vest fatta den 26.01.2015 avslag på søknad om utvida bruk av avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense, med heimel i veglovas §§ 40-43. (Vedlegg 2)

Tiltakshavar klaga på vedtaket i skriv av 02.02.2015. (Vedlegg 3) I klagen bad tiltakshavar om at alternative moelegheiter for tilkomst vart vurdert.

Den 18.02.2015 sendte Statens vegvesen Region vest ein e-mail til tiltakshavar med orientering om saksgang i klagesak. Det vart og stilt spørsmål til tiltakshavar om klagen skulle oppretthaldast eller om han ynskja alternative forslag behandla. (Vedlegg 4)

Den 01.03.2015 ga tiltakshavar tilbakemelding på at han ynskja klagen på vedtak av 26.01.2015 opprettheldt. Han hadde vært i kontakt med eigar på naboeigedomen for om moeleg å finne ei løysing, men utan å lukkast. (Vedlegg 5)

Statens vegvesen sendte den 05.03.2015 e-mail til tiltakshavar der det vart bekrefta at det vart forberedt klagesak. (Vedlegg 6)

Grunnvilkåret for å gje dispensasjon er at omsynet bak bestemmelsen som det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg skal det foretas ein interesseavveining, der fordelane ved tiltaket må vurderast opp mot ulempene av tiltaket. Etter plan- og bygningslova § 19-2 må det vere ein klar overvekt av omsyn som taler for dispensasjon.

Rettsleg grunnlag

Det går fram av veglova § 1 a at:

«Formålet med lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape mest mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»

Det går fram av veglova § 40:

*«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplanen etter plan- og bygningsloven.
Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.
Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan det godkjenner.
Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.»*

Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar er eit ikkje juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva haldning som skal leggjast til grunn ved handsaming av avkjørsle- og byggegrensesaker. Et viktig prinsipp er at teknisk utforming av avkjørsler skal vera i samsvar med Vegvesenets handbøker N100 og V121. Rammeplanen vart vedteke av Hordaland fylkeskommune i 2013.

Klagen

Tiltakshavar, Petter Olsen, har den 02.02.2015 sett fram klage på vedtak av 26. januar 2015. Klagen lyder slik:

«Vi ønsker å klage på vedtaket som ble fattet 26.01.2015, der vår søknad om utvidet bruk av avkjørsel ble avslått. Vi mener at den utvidete bruken blir minimal i forhold til dagens bruk, og at alternativet blir en dramatisk økning i trafikk. Om avslaget blir opprettholdt, får dette store konsekvenser for vår privat økonomi, og vi må derfor se på alternative løsninger. Det eneste kortsiktige alternativet, er å utvide aktiviteten i mitt personlige firma for å øke inntekten vår. Det er ingenting i veien for å benytte mitt hjemmekontor som base for denne utvidede aktiviteten. Det vil garantert føre til en 5 eller 6 dobling av trafikken som ville vært der i forhold til leilighetsalternativet. Den økte trafikken vil bestå av inn- og utkjøring for kundebesøk, leverandør møter, frakt av varer osv. Et annet alternativ kan være å se på muligheten for å legge om hele innkjørselen til f.eks naboeien som skissert på vedlagte tegning. Dette vil også kunne føre til at all trafikk på gangfeltet opphører. Håper vi kan være konstruktive å komme frem til en god løsning.»

Statens vegvesen Region vest si vurdering

Statens vegvesen har vore på staden og vurdert avkjørsle. I avslag av 26.01.2015 og i oversendingsbrev til av 10.04.2015 til Hordaland fylkeskommune, vert det vist til Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest, punkt 12.1. Her går det mellom anna fram at bruk av gang- og sykkelvei

til køyring ved nyetableringar ikkje skal finne stad. Det er og presisert at avkøyrslar må vera i samsvar med vegvesents handbøker N100 og V121. Det vert og vist til at Fv. 561 Skjærgårdsvegen i rammeplanen er vist som haldningsklasse 2 (gul), noko som er ein streng haldningsklasse.

Statens vegvesen peiker på at i dei rikspolitiske retningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging heiter det at areal og transportsystem skal utviklast slik at dei fremmer samfunnsøkonomisk effektiv utnytting, med miljømessige gode løysningar, tryge lokalsamfunn og god trafikksikkerhet m.a. Vegvesenet peikar deretter på Null-visjonen for trafikksikkerheten, som har som mål å planlegge, legge til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå. Transportsystemet skal utformast på ein måte som fremmer trafikksikker adferd hos trafikantane.

Det vert deretter opplyst at omsøkte avkjørselspunkt (Fv. 561, hp 1, 7,564) ikkje tilfredstillar dei tekniske krava til utforming i handbøkenes N100 og V121 og at Fv. 561 har ein ÅDT (års-døgertrafikk) beregna til 10 900 kjøretøy. Fartsgrensa på staden er 60 km.

I oversendingsbrev av 10.04.2015 til Hordaland fylkeskommune, viser Statens vegvesen til at det i klagen vart skissert eit alternativ forslag til adkomstløyising som ikkje ville innebære køyring langs gang- og sykkelveg. Vegvesen vart beden om å sjå på saken på nytt og dei stilte seg i utgangspunktet positiv til dette forslaget dersom siktkrav i vegvesenets handbøker var oppfylte. Tiltakshavar ga tilbagemelding om at det ut frå eigedomsmessige forhold ikkje var mogeleg å gjennomføre dette alternativet.

Statens vegvesen viser deretter til at ein eventuell bruk av garasjens 2. etasje til heimekontor/næringsverksemd krev bruksendring og tillatelse frå Statens vegvesen, Jfr. veglovens § 40. Dei viser vidare til at deira vurdering i denne klagesaken vil vere retta mot dei trafikale forhold. Tiltakshavars økonomiske situasjon kan ikkje verta tillagt vekt.

Statens vegvesen legg i denne saka avgjerande vekt på at tilkomst til ein ny boeining, forutset bruk av gang- og sykkelveg. Sjølv om dette er ei løysing som idag vert nytta som tilkomst til eksisterande bolig, er dette å sjå på som ein trafikalt dårleg løysing. Ein slik løysing er og i konflikt med rammeplanen. Ein tillatelse i denne saka vil kunne skape praksis for tilsvarande saker, noko vegvesenet ikkje vil legge til rette for.

Fylkesrådmannen si vurdering

Statens vegvesen Region vest har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i mellom anna Vegloven, Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest, dei Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging samt tekniske krav som går fram i handbok N 100 og V121. Dei viser og til «Null-visjonen». Dei har ikkje funne grunn til å ta klagen til følge.

Fylkesveg 561 har ein ÅDT på det aktuelle strekket som er beregna til 10 900. Fartsgrensa er 60 km/ t. Ved handsaminga av denne klagesaka har ein frå administrasjonen vore på staden og vurdert avkøyrsla den 12.08.2015. Slik avkøyrsla framstår idag, så må ein gå/køyre ca 50-60 meter i gang- og sykkelvegen langs med fylkesvegen for å kome til avkøyrsla inn til eigedomen Gnr. 27 og Bnr. 33. Fylkesrådmannen meiner at ein her må ha hovudfokus på trafikktryggleik. På strekningar som både vert nytta av bilistar og som inngår i gang- og sykkelvegnettet med «myke trafikantar» må dette omsynet vege tungt.

Fylkesrådmannen vil legge vekt på Rammeplanens punkt 12, Prinsipp ved handsaming av søknader om avkøyrslar. Her går det klart fram at: *«Bruk av gang- og sykkelveg til køyring ved nyetableringar skal ikkje finne stad»*. Sjølv om det teknisk sett skulle vera mogeleg å utbetre avkjørselspunktet ved at sykkelvegen vert trekt tilbake og svingradius vert utbetra, kan ein ikkje sjå at det skulle vera realistisk å etablere tilkomst til ein ny boeining utan å ta i bruk eksisterande gang- og sykkelveg. Fylkesrådmannen viser til rammeplanens punkt 11, der det går fram at «Fv. 561 Skjærgårdsvegen» er i haldningsklasse 2 (gul). Dette er ein streng haldningsklasse. Her går det fram at *«Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkøyrsla blir nytta av fleire.»* Ein vil her vise til at Fv. 561 er ein

tungt trafikkert og relativt ulykkesbelasta vegstrekning. Dette talar imot å godkjenne utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse.

Det vert vist til at omsøkte avkjørselspunkt (Fv. 561, hp 1, km 7,564) ikkje tilfredsstillar dei tekniske krava til utforming etter vegvesenet sine handbøker N 100 og V121. Fylkesrådmannen legg vekt på at det er viktig med få, men gode avkjørsler langs fylkesvegnettet, som kan ivareta ein effektiv ferdsel og trafikktryggleik for framtida.

Ein utvida bruk av denne avkøyrsla frå Fv. 561 vil gå imot Statens vegvesen si «null-visjon». Denne har som mål å planlegge, å legge til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå. Visjonen er ein klargjering av at det er moralsk og etisk uakseptabelt at folk blir hardt skadde eller drept i trafikkulykker. Ein finn her at ei auka bruk av avkjørselen frå Fv. 561, med auka køyring på gang- og sykkelvegen, vil kunne føre til høgare risiko for ulykker på denne staden. Statistikk frå trafikkulykker på vegnettet visar at i situasjonar der det oppstår konflikt mellom bilar og «mjuke trafikantar», så er det dei «mjuke trafikantane» som i hovudsak vert skadelidande. Fylkeskommunen ynskjer ikkje å utsette denne trafikantgruppa for ein ytterlegare risiko ved å tillate ein utvida bruk av avkjørselen frå Fv. 561 til eigedomen Gnr. 27 Bnr. 33.

Tiltakshavar/klagar peikar på at den utvida bruken på vegen vert minimal ved å tillate ei ekstra boeining, og at alternativet elles er ei dramatisk auke i trafikken på staden. Sjølv om dette er ei løysing som idag vert nytta som tilkomst til eksisterande bolig, er dette å betrakte som ei trafikalt dårleg løysing og noko som er i strid med rammeplanen. Ein godkjenning til auka bruk av denne avkjørselen kan opne opp for ein ny praksis ved behandlinga av tilsvarande søknader. Dette er ei uheldig utvikling som fylkeskommunen ut frå dei trafikale omsyn ikkje vil legge til rette for.

I klagen visar tiltakshavar til at dersom avslaget vert opprettheldt, får dette store konsekvensar for hans private økonomi. Fylkesrådmannen vil kort vise til at vurderingstemaet i denne saka er trafikktryggleik. Tiltakshavars private økonomi kan ikkje tillegast vekt.

Fylkesrådmannen meiner at det med omsyn til trafikktryggleiken i denne saken, ikkje er grunnlag for å akseptera utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse. Fv. 561 er ein sterkt trafikkert veg i Fjell kommune med ein ÅDT berekna til 10900 og med ein fartsgrense på 60 km/t. Ein må gå/køyra ca. 60 meter frå Fv. 561 på gang- og sykkelvegen for å kome fram til eigedomen Gnr. 25 Bnr. 33. Her er potensiale for uheldige trafikale situasjonar på gang- og sykkelvegen tilstades.

Fylkesrådmannen finn på denne bakgrunn å rå til at klage frå Petter Olsen over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak om å avslå søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse for ei ekstra boeining på Gnr. 27 Bnr. 33 Ågotnes i Fjell kommune ikkje vert teken til følgje.